

TRAFIKKTRYGGINGSPLAN

FOR VIK KOMMUNE

2019 - 2023

WWW.VIK.KOMMUNE.NO

Vedteken av Vik kommunestyre den 19.12.2019, sak 094/19

#velkomentilvik



Innhold

Føreord:.....	3
1. Orientering:.....	3
1.1.Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan:	3
1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet:	4
1.3 Lover, forskrifter, overordna planar:.....	6
1.4 Samspel mellom trafikktryggingsplanen og anna planarbeid:	7
1.5 Planen sin status:.....	7
1.6 Kva skal planen innehalda?.....	8
1.7 Status sidan førre plan:	8
2. Trafikktryggleik:	9
2.1 Nasjonale mål og satsingsområde:.....	9
2.2 Ulukkesstatistikk for Sogn og Fjordane:	11
Type ulukker i fylket:	13
2.2. Trafikk og ulukke - situasjonen i Vik kommune:	13
Type ulukker i Vik kommune 2018/2019 (til 20.09.2019):.....	14
2.3 Skulekrinsar:.....	15
2.4 Trafikktryggleik:	15
Trafikksynfaring:	15
3. Visjon og målsettingar:.....	15
3.2 Tryggleik på vegen:.....	15
4. ØKONOMI:	16
5. STATUS FOR VEGANE VIK KOMMUNE:.....	16
5.1 Riksvegar:.....	17
5.2 Fylkesvegar.....	17
5.3 Kommunale vegar:	18
6. Handlingsprogrammet i perioden 2019 – 2023:	19
6.1 Hovudprioriteringar:.....	19
6.2 Tiltak:	19

Føreord:

Trafikktryggingsplanen for Vik kommune er ein av kommunen sine temaplanar – gjeldande for perioden 2019 - 2023. Ved revisjon i år er det henta inn informasjon om trafikkfarlege stader, og om arbeid som vert gjort innan trafikktrygging.

Plandokumentet er langt på veg bygt opp i samsvar med rettleiar frå Statens vegvesen « kommunale trafikksikkerhetsplaner» og Trygg trafikk « Håndbok for kommunalt sikkerhetsarbeid i kommunene».

Planen syner kva kommunen skal fokusera på innan trafikktryggingsarbeidet i gjeldande periode. Dette gjeld tiltak innan «Aksjon skuleveg», men og andre tiltak som gjeld trafikksikring.

Handlingsdelen i planen bør rullerast kvart år.

Innhald og prioriteringar i planen er gjort med utgangspunkt i sentrale styresmakter sin « 0 – 0 visjon». Det er visjonen 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken. Visjonen byggjer på at trafikantane og styresmaktene har delt ansvar for at det ikkje vert korkje skadde eller drepne i trafikken.

1. Orientering:

1.1.Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan:

Trafikkulukker er eit omfattande problem i eit moderne samfunn. 135 personar omkom på norske vegar i 2016. Tal hardt skadde var 656 (tilstandsanalyse 2017 trafikk frå www.politiet.no). I rapporten « Tilstandsanalyse 2017 trafikk» frå Utrykningspolitiet, er det m.a. gjort greie for kvar i landet ulukkene skjedde i 2016. Rapporten syner då at det var flest drepne og hardt skadde på vegane i landsdelene aust, sør og vest. Ein veit og at det kan vera mørketal her, fordi mange ulukker og skadar ikkje vert rapporterte. Ei dødsulukke vart i 2009 kostnadsrekna til om lag 33.mill kr i fylgje Statens vegvesen.

Ei rekkje verkemiddel må takast i bruk for å oppnå auka innsats i trafikktryggingsarbeidet. Stortinget har vedteke visjonen 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken. Her sit kommunane med ei sentral rolle, noko som m.a. kjem fram gjennom at kommunane vert oppmoda om å utarbeida kommunale trafikktryggingsplanar.

Med bakgrunn i dette er målet med trafikktryggingsplanen å:

- Gje ei samla oversikt over trafikkfarlege stader.
- Fokusera på haldningsskapande tiltak gjennom at born og unge vert trekte inn i trafikktryggingsarbeidet.
- Sikra at ein set inn tiltak der dei gjev størst effekt.

1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet:

Det er mange aktørar og instansar i vegsektoren og i arbeidet med trafikktryggleik:

Samferdsledepartementet:

Styrer trafikktryggingsarbeidet gjennom Nasjonal transportplan (NTP).

Vegdirektoratet:

Er det mest sentrale fagorganet for trafikktryggleik og har m.a. det overordna faglege og økonomiske ansvaret for vegsektoren.

Statens Vegvesen:

- Har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar og gang- og sykkelvegnettet i samband med dette vegnettet.
- Utfører trafikktryggingstiltak som veglys, busslommer, rekervoer m.m.
- Stiller krav til køyrety og kontroll av teknisk tilstand på bil/motorsyklar m.m.
- Gir bistand til fylkeskommunen og kommunane.
- Har føraropplæring og førarprøver.
- Har informasjon og kampanjeverksemnd.
- Har samarbeid om opplæring i skule/barnehage/frivilljuge organisasjonar

- Gjev ut handbøker – m.a. Vognormalane
- Har sekretærfunksjonen for Fylkestrafikksikkerheitsutval (FTU) og dermed også det praktiske ansvaret for utarbeiding av handlingsprogram og årsplan for trafikktrygging.

Fylkeskommunen:

Tildeler tilskot til trafikktryggingstiltak på kommune- og fylkesvegar.

- Har ansvaret for fylkesvegnettet.
- Har ansvar for skuleskyss og anna transportløyve.

Kommunen:

Kommunen sitt ansvar kjem inn på fleire område. Dette gjeld for planlegging, vedlikehald og utbetring av kommunale vegar. Grunnskulelova har pålegg om skuleskyss. Helsetenestelova pålegg kommunale helsetenester å ha oversikt over faktorar som er årsak til helsefare. Skulane er pålagde å drive undervisning i trafikkopplæring som emne. Kompetanse mål for 4. årssteget er å kunne følgje trafikkreglar for fotgengrarar og syklistar. Kompetanse mål for 7. årssteget er å kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel. Barnehagane bør også drive ei enkel trafikkopplæring knytt til det å gå som gruppe, på trafikkert veg.

- Har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av kommunale vegar og gang- og sykkelvegar langs desse.
- Er vedtaksmynde i arealplanlegging.
- Utfører trafikktryggingstiltak som veglys, fartsgrenserende tiltak m.m.
- Har ansvar for opplæring i barne- og ungdomsskule.
- Har ansvar for førebyggande helsearbeid
- Skal utarbeide og fylge opp kommunale trafikktryggingsplanar.

Politi:

- Har informasjon/ kampanjar retta mot ulike målgrupper.

- Etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskader.
- Har vedtaksmynne for ein del trafikkregulerande tiltak
- Gir fråsegn i skiltsaker
- Politi, lensmann og Utrykkingspolitiet (UP) gjennomfører farts- og åtferds-/rådgjeving.

Busselskap og taxi:

- Køyrer barn og ungdom til og frå skule og ulike arrangement.
- Er dei som ofte ser kvar det er størst behov for trafikktryggleikstiltak.

Fylkesmannen:

Nokre avdelingar hjå fylkesmannen har trafikktryggleik inn i «sine» arbeidsområde. Fylkesmannen har ansvaret for kommunane sine arealplanar. Trafikktrygging vil ofte vera tema i desse planane.

I tillegg er det aktørar som m.a. Trygg trafikk, trafikkkulane og ikkje minst foreldra. Alle foreldre har ei viktig rolle som gode førebilete og modellar, også i trafikken.

1.3 Lover, forskrifter, overordna planar:

Ei rekke lover og tilhøyrande forskrifter har innverknad på trafikktryggleiken:

Veglova:

Omfattar dei generelle reglane som er knytt til trafikktrygging m.a. heimel til fastsetjing av standarden på vegnettet både på hovudvegar og lokalvegar. Dette gjeld og for forskrifter og vegenormalar som ein har arbeidt ut.

Vegtrafikklova:

Dannar grunnlaget for svært mange trafikktryggingstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyrety m.m.

Andre overordna planar på nasjonalt nivå:

Her kan det nemnast: Nasjonal transportplan, Nasjonal strategi for forebygging av personskadeulykker, Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg og Plan for tiltak mot ungdomsulykker.

1.4 Samspel mellom trafikktryggingsplanen og anna planarbeid:

Denne trafikktryggingsplanen skal vera ein del av det kommunale plansystemet for Vik kommune. Planen syner kva for tiltak som skal gjennomførast på sektoren dei neste åra.

Planen skal handsamast politisk og vedtakast av Vik kommunestyre.

1.5 Planen sin status:

Trafikktryggingsplanen har status som *temaplan* i kommunen sitt plansystem. Planen har altså ikkje formell status som kommunedelplan. Plan og bygningslova sine krav til formalia kan difor avvikast. Dette gjeld m.a. for lengda på høyringsfrist. Framlegget til planen er vorte sendt til alle skulane, elevråda, ungdomsrådet, politiet, eldrerådet og rådet for funksjonshemma.

Planen er ført i pennen av rådgjevar oppvekst.

1.6 Kva skal planen innehalda?

Trafikktryggingsplanen i Vik kommune skal både dokumentera noverande situasjon og setja fokus på dei utfordringane som kommune har framover. Det er særleg viktig å fokusera på bustadfelt og trafikksikker skuleveg. I tråd med det generelle folkehelserådet i landet, er målsettinga m.a. at flest mogleg går/syklar til/frå skulen. Planen har og grunnlag i prosjektet «aksjon skuleveg» i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen.

Plan og bygningslova set klåre krav til omsynet til born og unge. Både i kommunal og privat planlegging. Dette gjeld både innan medverknad, trivsel og tryggleik. Gjennom ein oppdatert trafikktryggingsplan får kommunen og oversikt over trafikkfarlege stader og stader som vert oppfatta som trafikkfarlege.

1.7 Status sidan førre plan:

I mange år har Vik kommune nytta seg av ordninga med «fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar – aksjon skuleveg». Med hjelp frå desse midlane har kommunen fått på plass busslommer/busskur, gatelys, fartsdumpar og gjerde.

Mest alle tiltaka i tidlegare planar som gjeld trygg skuleveg er gjennomførte. I tillegg har ein fått på plass redusert fartsgrense på deler av RV 13 (ved Djuvik og forbi Tryti).

Difor står det att svært fåe tiltak i handlingsprogramma som gjeld tiltak knytt til skulevegane. Det står likevel att tiltak knytt til RV 13. I tillegg er det og gjennomført tiltak utanom skulevegar. Dette gjeld m.a. opphøga gangfelt RV 13, Vik sentrum. Det står og att eit relativt stort tiltak knytt til ferdigstilling av gangveg frå Vange bru – Flatbygdi skule. Dette er svært viktig å få på plass når det nye bustadfeltet på Tenold vert realisert.

Dei punkta som ikkje er gjennomførte, vert vidareførte i denne planen.

2. Trafikktryggleik:

2.1 Nasjonale mål og satsingsområde:

Gjennom **Nasjonal Transportplan (NTP)** har regjeringa lagt opp til at nullvisjonen skal vera grunnlaget for trafikktryggingsarbeidet i Noreg. Denne visjonen vart fyrst drøfta i Stortinget ved handsaming av NTP 2002 – 2011. Sidan har denne visjonen vorte vidareført for perioden 2014 – 2023.

Den norske nullvisjonen gjeld for heile transportsystemet. Den tek sikte på å redusera talet på ulukker, men legg hovudvekta på dei alvorlege ulukkene som fører til drepne og hardt skadde.

Nullvisjonen byggjer på følgjande tre grunnpilarar:

Etikk:

Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og vi kan ikkje akseptere at mellom 200 og 300 menneske mister livet i trafikken kvart år.

Vitskap:

Mennesket sine fysiske og mentale føresetnadar er kjende og skal ligge til grunn for utforminga av vegsystemet. Kunnskapen om mennesket si avgrensa meistringsevne i trafikken og toleevne i ein kollisjon skal legge premissa for val av løysingar og tiltak. Vegtrafikksystemet skal leie trafikantane til sikker åtferd og verne mot fatale konsekvensar av normale feilhandlingar.

Ansvar:

Trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar for trafikktryggleiken. Fylkeskommunen har eit ansvar for å rå til og samordna tiltak for å fremja trafikksikkerheita i fylket (Vegtrafikklova § 40 a). Dette gjer fylkeskommunen m.a. gjennom fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Etter Lov om vegtrafikk (vegtrafikklova) § 40 a, heiter det at: «Departementet kan i forskrift gi

regler om at kommunen pålegges å utarbeide og gjennomføre ulike trafikksikkerhetstiltak i tilknytning til skoleskyss».

Trafikantane har ansvar for si eiga åtferd; dei skal være aktsame og unngå medvitne regelbrot. Myndighetene har ansvar for å tilby eit vegsystem som legg til rette for mest mogleg sikker åtferd og verne mot fatale konsekvensar av umedvitne feilhandlingar.

For å kunne følgje opp trafikktryggingsarbeidet blir det å oppnå nullvisjonen målt gjennom reduksjon i talet på drepne og hardt skadde. Hardt skadde blir definert som summen av svært alvorleg skadde og alvorleg skadde.

Felles visjon for heile landet er 0 drepne og 0 varig skadde.

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 har følgjande hovudmål:

«Eit transportsystem i Sogn og Fjordane som er trafikksikkert for alle trafikantgrupper og som tek vare på barn og unge sine behov». Planen har følgjande delmål:

- Sikre vegnettet i Sogn og Fjordane mot alvorlege utforkøyringsulukker med auka satsing på utbygging/utskifting av rekkverk og sikring av sideterreng.
- Legge vekt på barn og unge sine behov i planlegging og utvikling av transportsystemet i Sogn og Fjordane.

Utvikle Sogn og Fjordane der digitalisering og bruk av ny teknologi blir ein systematisk del av arbeidet med å betre trafikktryggleiken.

Vik kommune sin trafikktryggingsplan skal bidra til å følgja opp den regionale målsettinga.

Me skal difor:

- *Gjere dei unge flinkare som trafikantar* Strategi: Informasjon/opplæring knytt til skulane
- *Foreldre/føresette skal vere gode førebilete og påverkarar* Strategi: Foreldrepåverknad, informasjon, ansvarleggjere foreldregruppa
- *Alle born skal kome trygt til og frå skule/barnehage* Strategi: Gjere områda rundt barnehagane og skulane tryggare
- *Gjere born og unge flinkare som trafikantar* Strategi: Informasjon/opplæring – også av foreldre

Tiltak for å nå desse måla kjem fram i handlingsdelen i planen. I tillegg kjem det og eigne kommunale trafikktryggingstiltak etter prioritert rekkefylgje.

2.2 Ulukkesstatistikk for Sogn og Fjordane:

108 personar omkom i trafikken på norske vegar i 2018. Dette er 2 fleire enn i 2017. 2017. Dette er det lågaste talet på 70 år (www.vegvesen.no av 01.01.2019). Over halvparten av omkomne er menn over 45 år (www.vegvesen.no).

Trafikkdrepte 2018. Fordelt på fylker
(foreløpige tall)

Fylke	2017	2018
Østfold	3	5
Akershus	10	7
Oslo	3	5
Hedmark	3	8
Oppland	8	4
Buskerud	8	7
Vestfold	4	3
Telemark	3	9
Aust-Agder	2	6
Vest-Agder	3	4
Rogaland	8	8
Hordaland	11	8
Sogn og Fjordane	5	7
Møre og Romsdal	7	6
Trøndelag	12	10
Nordland	8	5
Troms	6	4
Finnmark	2	2
SUM	106	108

Type ulukker i fylket:


Viss ein ser på tal drepne og alle skadde har ein følgjande fordeling mellom ulukkegrupper, samanlikna med tal for Norge samla sett:

- Ulukker med påkøyring bakfrå utgjer omlag 13 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 18 prosent.
- Utforkøyringsulukker utgjer omlag 45 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 26 prosent.
- Møteulukker utgjer omlag 23 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 17 prosent.
- Ulukker med kryssande køyreretningar utgjer omlag 10 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 11 prosent.
- Fotgjengarulukker utgjer omlag 4 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 8 prosent.
- «Andre» ulukker utgjer om lag 5 prosent av totalen i Sogn og Fjordane. I Norge samla sett om lag 20 prosent.

I handlingsplanen for trafikktryggleik 2018 – 20201, trekkjer Sogn og Fjordane fylkeskommune fram at bilulukkene er den langt største årsaka til drepne og hardt skadde. Bilulukkene utgjer 73 prosent av totalen.

2.2. Trafikk og ulukke - situasjonen i Vik kommune:

Tal innbyggjarar i Vik kommune er 2672 (01.01.2019). Den største skulen og barnehagen ligg i Vik. RV 13 går gjennom Vik sentrum, og genererer mykje trafikk særleg vår/sommar. Grovt sett kan ein seia at trafikkulukkene skjer på RV 13. Nokre fåe ulukker skjer på kommune og fylkesvegane.



(Vegkart- statens vegvesen, ulukker registrerte fra 01.01.2018 – 20.09.2019).

Type ulukker i Vik kommune 2018/2019 (til 20.09.2019):

- Uhellskode:
«Enslig kjøretøy kjørte utfor på høyre side i høyrekurve (Statens vegvesen)»
- Uhellskode:
«Møting på rett vegstrekning (statens vegvesen)».

2.3 Skulekrinsar:

Per 01.01.2019 hadde Vik kommune 2672 innbyggjarar. Per no har kommunen fem grunnskular. Det er gjort vedtak om ei endring av skulestrukturen frå 2020.

2.4 Trafikktryggleik:

Trafikksynfaring:

Statens vegvesen i Sogn og Fjordane gjennomfører trafikktryggingssynfaring i kommunane kvart 3 år med deltagarar frå lensmannskontor (politi), kommune (representert ved kommunalsjef teknisk og rådgjevar oppvekst), busselskap, Trygg trafikk. Føremålet med synfaringa er å sjå på trafikkfarlege stader i kommunen, skilting, vurdering av aktuelle tiltak og kven som er ansvarleg for tiltaka. Dvs om ansvaret kviler på Statens vegvesen, fylkeskommunen eller kommunen. Synfaringa er ein del av grunnlaget for trafikktryggingsplanen. Statens vegvesen er sekretariat frå synfaringa.

3. Visjon og målsettingar:

Med bakgrunn av signal frå sentrale styresmakter, er følgjande visjon sette opp for arbeidet med trafikktrygging i Vik kommune:

0 drepne og 0 varig skadde i trafikken i Vik kommune.

3.2 Tryggleik på vegen:

Hovudmål: Trafikantane skal kunna ferdast trygt og sikkert på vegane i kommunen. Alle vegane må sjåast i samanheng, og utformast slik at risikoene for

ulukker vert redusert. Det er ei vesentleg problemstilling i planen å få fram tiltak knytt til *trygge skulevegar* for alle born og unge i Vik kommune.

4. ØKONOMI:

Mange av problemstillingane er knytt til fylkesvegane, samt tiltak knytt til RV 13. Det føreset at tiltaka vert prioriterte både i fylkeskommunale vegplanar og hjå Statens vegvesen, noko som også føreset samarbeid med fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Dei deler av planen som gjeld drift og utarbeiding av nye planar er styrt av økonomiplanen. Nye tiltak vert finansiert gjennom eigne budsjettmidlar, eksterne midlar og fondsmidlar.

Vik kommune si vanskelege økonomiske stode gjennom mange år, har ført til etterslep på planarbeid og opprusting og vedlikehald av kommunale vegen. Difor har ein og berre gjennomført trafikktryggingstiltak i mindre omfang. mykje med hjelp av ordninga med «trafikktryggingsmidlar – aksjon skuleveg» frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Denne ordninga har gjort at ein faktisk kan syna til noko tiltak. Skal ein få til større tiltak og koma vidare med trafikktryggingsarbeidet generelt i heile kommunen, må ein og rekna med å bruka meir ressursar i arbeidet.

5. STATUS FOR VEGANE VIK KOMMUNE:

Lov om endringer i veglova mv (overføring av fylkesvegadministrasjon) LOV-2019-06-21-68, endrar [LOV-1963-06-21-23](#), [LOV-1965-06-18-4](#), [LOV-2002-06-21-45](#), [LOV-2005-06-17-101](#), [LOV-2008-06-27-71](#), [LOV-2016-05-27-14](#) sett i kraft 21.06.2019, 01.01.2020, seier at:

§9:

Statens vegvesen med eit Vegdirektorat er vegstyremakt for riksvegar, under leiing av ein vegdirektør. Departementet gir nærmere føresegner om korleis Statens vegvesen skal vere organisert, og kva styringsområde det skal ha.

Departementet kan gi føresegn om at styremakt som Statens vegvesen har til å gjere vedtak som gjeld utbygging, drift og vedlikehald av bestemte riksvegar, skal leggjast til eit statleg utbyggingselskap for veg. Statens vegvesen kan etter nærmere føresegner fastsett av departementet delegera styremakt til fylkeskommunen og kommunen.

Vegstyremakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan delegera styremakt til Statens vegvesen og kommunen.

Vegstyremakt for kommunale vinar er kommunen.

Og §43, fjerde ledd:

Statens vegvesen tek avgjerd etter denne paragraf for riksvegar, fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vinar.

5.1 Riksvegar:

Vik kommune har følgjande riksveg:

Riksveg 13 går frå Vangsnes – grensa mellom Vik og Voss.

Vedlikehald av vegen:

Det er Statens vegvesen som har ansvaret for vedlikehaldet av riksvegane.

5.2 Fylkesvegar

Fylkeskommunen er vegstyresmakt for fylkesvegane. Fylkeskommunen kan delegera styresmakta til regionvegkontoret og kommunen.

Vik kommune har følgjande fylkesvegar:

Fylkesveg 92 – Nese

Fylkesveg 121 - Fosse

Fylkesveg 122 - Refsdal

Fylkesveg 181 - Feios

Fylkesveg 182 - Fresvik

Fylkesveg 183 - Fresvik

Fylkesveg 184 Stokkebrua og Øyri.

5.3 Kommunale vegar:

Kommunen kan gjera vedtak om å ta opp ein privat veg som kommunal veg. Jamvel om slikt vedtak ikkje er gjort, er ein veg å rekna som kommunal veg når kommunen har teke over vedlikehaldet etter reglane i Plan og bygningslova (Veglova § 5).

Vik kommune har ansvaret for ca 76 km veg.

Kommunen har god oversikt over tilstanden på det kommunale vegnettet.

6 Handlingsprogrammet i perioden 2019 – 2023:

6.1 Hovudprioriteringar:

Opplæring i skule og barnehage:

Ungdommar i alderen 15 – 25 år er den aldersgruppa som er mest utsett for trafikkuhell (Statens vegvesen.no). Difor er det svært viktig med haldningsskapande arbeid slik at ein vonleg kan prøva å få til ei endring her. Haldning og åtferd til einskildmennesket er eit resultat av påverknad som startar i småbarnsalderen. Skal ein greia å få til positive endringar, er det viktig at påverknadsarbeidet startar i barnehagen.

Difor vil Vik kommune leggja vekt på trafikkopplæring til born og unge. Arbeidet skal utførast i samarbeid med det lokale politiet.

Trygge og gode skulevegar:

Borna har rett på trygg skuleveg. Vik kommune vil arbeida for å få til dette.

Vik kommune er med den kommunen som har flest ungdom buande på hybel i Sogndal. I 2019 er det 67 ungdommar i alderen 16 – 19 år som er elevar ved Sogndal vidaregåande skule. I tillegg er det og elevar ved andre vidaregåande skular, m.a. Sygna. Desse ungdommane kjem stort sett heim til Vik i helgane. Vik kommune må difor ikkje gløyma å leggja vekt på skulevegen til dei vidaregåande elevane.

6.2 Tiltak:

A. *Informative tiltak:*

- Mål: *Gjera dei unge flinkare som trafikantar - Informasjon/opplæring knytt til skulane :*

Tiltak 1: Trafikktryggleik som tema i ungdomsskulen, særleg med fokus på rus og fart.

Ansvarleg: Vik kommune i samarbeid med politiet m.fl.

Kostnad: går inn i ordinært arbeid – førebyggande arbeid.

Tiltak 2 : Trafikalt grunnkurs i skuletida (trafikk er valfag på flatbygdi skule).

Ansvarleg: Vik kommune – ungdomsskulane.

Tiltak 3: Bruk av refleks, hjelm, ansvar som syklist m.m. i ungdomsskulane.

Ansvarleg: Vik kommune i samarbeid med politiet.

Tiltak: årleg informasjonsmøte om føraroplæring – 16 åringar og føresette. Fokus på mengdetrenings. På dette møtet vert det også fokus på alkohol, rus og førebyggande tiltak.

Tiltak: Vik kommune i samarbeid med Statens vegvesen, politiet mfl.

- Mål : *Foreldre og føresette skal vera gode førebilete- Foreldrepåverknad, informasjon, ansvarleg gjere foreldregruppa:*

Trafikktryggleik og opplæring bør vera tema på foreldremøte i barnehagen – og foreldra bør involverast i barnehagen sitt trafikktryggingsarbeid.

Tiltak 1: Trygg trafikk har ei nettbasert satsing på «trafikksikker kommune».

Ansvarleg: Alle barnehagane i kommunen i samarbeid med politiet.

Skulen sin læreplan for trafikk bør vera årlege tema på foreldremøte, og foreldra bør involverast i skulen sitt trafikktryggingsarbeid, t.d. gjennom FAU.

Tiltak 2: Trygg trafikk har ei nettbasert satsing på «trafikksikker kommune».

Ansvarleg: Ungdomsskulane i samarbeid med politiet og Statens vegvesen.

- **Mål:** Alle born skal kome trygt til og frå skule/barnehage - Gjere områda rundt barnehagane og skulane tryggare

Få uheldig biltrafikk vekk frå skulane og barnehagane. Informasjon til foreldre og føresette om å redusera bilkøyringa inn til skuleområda/barnehageområda.

Tiltak: Nyttar ulike informasjonsvinklingar, m.a. Trygg trafikk.

Ansvarleg: Skulane, foreldreråd, barnehagane mfl.

- **Mål:** Gjere born og unge flinkare som trafikantar - Informasjon/opplæring – også av foreldre

Foreldremøte i 10.klasse ilag med ungdommane. Felles informasjon om føraroplæringa med fokus på foreldra si rolle når det gjeld mengdetrening.

Ansvarleg: Flatbygdi skule i samarbeid med fleire.

B. Fysiske tiltak :

Overordna mål: Tryggare skulevegar:

Tiltak 1: Ny gangbru Vange bru, og gangveg Vange bru – Vik fengsel.




Prioritert fordi: Denne strekninga har flest skuleborn i dag. Når nytt bustadfelt på Tenold kjem på plass, vil denne strekninga få vesentleg fleire mjuke trafikantar.



Det er på plass reguleringsplan fram til og med ny bru.

Den nye gangvegen sluttar rett før Vange bru. Det må på plass ein vidareføring av gangvegen fram til krysset ved Vik fengsel. Her manglar reguleringsplan.



Framlegg til gangveg frå Vange bru – Flatbygdi skule. Planen er ikkje vedteken.

Ansvarleg: Vik kommune/Sogn og Fjordane fylkeskommune/Statens vegvesen.

Kostnad: 1500.000 (ca) for ny gangbru. 1.500.000 for ny gangveg. I tillegg kjem kjøp av grunn.

Finansiering: 60% frå trafikktryggingsmidlar og 40% frå Vik kommune.

Kva skal til? Eigendel frå Vik kommune. I tillegg må det på plass reguleringsplan for tiltaket.

Tiltak 2: Fartsdumpar frå Vik aktivitetspark (kunstgrasbana) – Coop Vik.

Prioritert fordi: Relativt mykje trafikk til/frå idrettsparken. Mange born som syklar og går utan tilsyn frå vaksne.


Ansvarleg: Vik kommune

Kostnad: 60.000

Finansiering: 60% frå trafikktryggingsmidlar og 40% frå Vik kommune.

Tiltak 3: Fartsdumparar i og omkring nytt bustadfelt Tenold:

Dette vert vurdert i samla plan frå Asplan Viak (plassering av fartsdumper, antal, osv). Difor er ein usikker på kostnadene her.



Tiltak 4: Gatelys Følid

Ansvarleg: Vik kommune

Kostnad: 50.000

Finansiering: 60% fra trafikktryggingsmidlar og 40% fra Vik kommune

Tiltak 5: Gatelys Seljadalsvegen (fra krysset til Seljastokkane – starten av nye vegen opp til Tenål).

Ansvarleg: Vik kommune

Kostnad: 30.000

Finansiering: 60% fra trafikktryggingsmidlar og 40% fra Vik kommune

